

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Stord kommune, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Stord rådhus, kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	09.04.2025
<b>Tid:</b>	14:00 - 16:15

**Følgjande faste medlemer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Leiar	AP
Nils Magne Blålid	Nestleiar	SV
Fredrik Litleskare	Medlem	H
Randi Høgås Nesse	Medlem	UAVH

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inga Margrethe Fagerbakke	MEDL	AP

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Vigdis Olsen	Inga Margrethe Fagerbakke	AP

**Andre som møtte**

Namn	Stilling
Annbjørge Ryssdal	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS (Alle saker unnateke PS 14/25)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Tarjei Aamot Haga  
utvalsleiar

Hogne Haktorson  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/25	Godkjenning av protokoll frå møte 18.02.25	2023/470	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 9/25	Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - statusrapport	2024/98	
PS 10/25	Forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester i Stord kommune - prosjektplan	2025/15	
PS 11/25	Møteplan for kontrollutvalet 2. halvår 2025	2023/474	
PS 12/25	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 13/25	Eventuelt	2023/468	
	<b>Referat saker</b>		
RS 7/25	DSB Rapport frå tilsyn 16.10.2024	2025/4	
RS 8/25	Tilsynsrapport frå Mattilsynet 04.12.24	2025/4	
RS 9/25	Statsforvaltaren. Rapport etter forvaltningskontroll innan skogbruket	2025/4	
RS 10/25	FKT - medlemsinformasjon mars 2025	2022/33	
RS 11/25	Nytt fra FKT mars 2025	2022/33	
RS 12/25	Protokoll frå styremøte Krisesenter Vest IKS 26.02.25	2023/475	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 14/25	Val av revisor	2023/514	

## **GK 3/25 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.  
Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## **GK 4/25 Godkjenning av protokoll frå møte 18.02.25**

#### **Forslag til vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.2025 vert godkjent.

### **Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.2025 vert godkjent.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.2025 vert godkjent.

## **PS 9/25 Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - statusrapport**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### **Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Forvaltningsrevisor i Deloitte Annbjørg Ryssdal orienterte. Føresetta at administrasjonen held sin/sine fristar vil rapporten vera klar som planlagt til 30.04.25.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **PS 10/25 Forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester i Stord kommune - prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 16.04.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 13.11.2025, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i desembermøtet i 2025.

### **Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Forvaltningsrevisor i Deloitte Annbjørg Ryssdal orienterte om prosjektplanen, og meinte at innspela frå utvalet i forrige møte var teke omsyn til.

Kontrollutvalet samsnakka om revisjonen sitt tema i lys av aktuelle saker i kommunen for tida.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 16.04.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 13.11.2025, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i desembermøtet i 2025.

## **PS 11/25 Møteplan for kontrollutvalet 2. halvår 2025**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet legg opp til disse faste møtene i 2. halvår 2025:

- 22.09.2025
- 03.12.2025

### **Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet legg opp til disse faste møtene i 2. halvår 2025:

- 22.09.2025
- 03.12.2025

## **PS 12/25 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### **Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Under behandlinga i møtet var utvalet var bl.a. innom dette.

- Kommunestyret 20.02.25, sak PS 6/25 bl.a. om delegasjon til kontrollutvalet. Fullmakter vart oppdatert med nye datoar / saksnr. for gjeldande vedtak.
- Kommunestyret 27.03.25, sak PS 17/25 Årsmelding for kontrollutvalet. Denne vart vedteken, og det vart munnleg gjeve gode skussmål om sekretariat og revisjon.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## **PS 13/25 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

A) Informasjon frå kommunedirektøren.

Kommunedirektøren bad om at informasjon gjeldande Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS – Ishall, vert utsett til mai-møtet, avdi fleire frå politisk og administrativ leiing er på viktig samling i Bergen. Utvalsleiar og sekretariat fann at det var god grunn for å akseptera dette.

B Kurs om klimarisiko og klimabudsjett

Kurset vert som planlagt 21.05.25 kl. 12.00, altså i forkant av kontrollutvalsmøte same dag. Førelesar frå Deloitte kjem denne gongen til å delta digitalt.

C) Ferjesambandet Nordhuglo – Jektevik – Hodnaneset.

Fredrik Litleskare ønskte informasjon om status vedr. regulariteten på ferjesambandet Nordhuglo – Jektevik – Hodnaneset. Etter sams drøfting fatta utvalet slik samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Stord kommune ber sekretariatet undersøka om det føregår noko arbeid i Vestland fylkeskommune for å betra regulariteten på ferjesambandet Nordhuglo – Jektevik – Hodnaneset.

#### **Vedtak**

C) Ferjesambandet Nordhuglo – Jektevik – Hodnaneset.

Kontrollutvalet i Stord kommune ber sekretariatet undersøka om det føregår noko arbeid i Vestland fylkeskommune for å betra regulariteten på ferjesambandet Nordhuglo – Jektevik – Hodnaneset.

## **RS 7/25 DSB Rapport frå tilsyn 16.10.2024**

### **Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 8/25 Tilsynsrapport frå Mattilsynet 04.12.24**

### **Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

**Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

**RS 9/25 Statsforvaltaren. Rapport etter forvaltningskontroll innan skogbruket****Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Utvalet drøfta innhaldet i rapporten.

Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

**RS 10/25 FKT - medlemsinformasjon mars 2025****Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

**RS 11/25 Nytt fra FKT mars 2025****Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## RS 12/25 Protokoll frå styremøte Krisesenter Vest IKS 26.02.25

### Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Utvalet merka seg at det var auka pågang til Krisesenter Vest i 2024.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

## PS 14/25 Val av revisor

### Forslag til innstilling

1. Kommunestyret vel [namn på tilbydar \_\_\_] som rekneskapsrevisor for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029
2. Kommunestyret vel [namn på tilbydar \_\_\_] som revisor for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029

### Saksprotokoll 09.04.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurranse messig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Møtet i kontrollutvalet vart difor samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Sekretariatet ved Hogne Haktorson presenterte resultatet av den gjennomførte evalueringa av dei innkomne tilboda og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Utvalet ønskte ikkje å vita kven som som var tilbydar A og B før etter at innstillinga var gjort. Slik vart det gjort.

Poenggeving ved evaluering er slik at beste tilbod på pris, kvalitet og kompetanse får 6,00 poeng, medan den andre tilbydaren får forholdsmessig poeng ift. beste tilbydar på området.

For konkurransen på revisjonstenester for rekneskapsrevisjon kom det tilbod frå to tilbydarar. Evalueringa gav slikt resultat:

Berekning og oppjustering av poeng / Tilbydar -->	Vekting	A	B
Prispoeng	50%	6,00	5,43
Kvalitet (løysing av oppdrag og døme)	35%	5,89	6,00
Kompetanse (kjerneteam og intern opplæring)	15%	5,63	6,00
Sum poeng	100%	5,91	5,71
Rangering		1	2

For konkurransen på revisjonstenester for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester kom det tilbod frå to tilbydarar. Evalueringa gav slikt resultat:

Bereking og oppjustering av poeng / Tilbydar -->	Vekting	A	B
Prispoeng	40%	6,00	5,61
Kvalitet (løysing av oppdrag og døme)	40%	5,32	6,00
Kompet. (kjerneteam, intern opplær., spesialkomp.)	20%	5,50	6,00
Sum poeng	100%	5,63	5,85
Rangering		2	1

Det kom avslutningsvis fram dette:

- Tilbydar A er BDO AS
- Tilbydar B er Deloitte AS

På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samde om at BDO AS vert innstilt som vinnar av konkurranse om rekneskapsrevisjon og at Deloitte AS vert innstilt som vinnar av konkurransen om forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.

Utvalet ønskte forøvrig ei vurdering av utvalet sitt budsjett i mai-møtet, herunder berekna kostnader med revisjonsarbeidet for andre halvår 2025.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Kommunestyret vel BDO AS som rekneskapsrevisor for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029
2. Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029